



Ny AMS strømmålar(Foto: Hans O. Østebø)

Media har i den seinare tid fokusert mykje på datatryggleik i samband med montasje av nye automatiske strømmålarar. Det har også vert oppe nokre saker om auka straumforbruk etter at ny målar er installert og utfordringar rundt stråling frå AMS målarar. Observerer også at det på lokale sosiale mediar, vert diskutert problemstillingar rundt desse emna.

Datatryggleik

Data som nettselskapet hentar frå straummålararen (AMS målar) skal vera sikker og kryptert. Kraftselskapet er underlagt same strenge reglar som bankane med omsyn til datatryggleik.

All informasjon sendes via unike krypterings nøklar, på lik linje med det bankane nyttar i sine system. Ingen utanforståande har tilgang til registrerte data, med mindre kunden sjølv gjev fullmakt til det.

Ekstra utgang på målar

Den nye AMS målararen er utrusta med ein eigen kommunikasjonsutgang som kan nyttast til 3 parts utstyr og tenester. Det er særskilt denne kommunikasjons- utgangen Datatilsynet rettar eit kritisk blikk på.

For AMS målarane Kvinnherad Energi og Fjelberg Kraftlag skal monterast, vil denne kommunikasjonsutgangen ikkje vera aktivert ved montasje av AMS målararen.

For at denne kommunikasjonsutgangen skal aktiverast, må kunden sjølv kontakte nettselskapet for opning av denne porten.

Det er per i dag få tilbydarar som har utvikla utstyr som kan nyttast til dette, men det er forventa auka utvikling av ulike tenester og utstyr som kan tilkoplast. Fjelberg Kraftlag og Kvinnherad Energi, vil ikkje drive med utvikling og sal av denne type utstyr/tenester.

Viktig å presisera at Nettselskapet ikkje vil ha styring med informasjon og datatryggleik rundt data som vert henta ut via denne ekstra kommunikasjons- utgangen. Kunden vil sjølv stå ansvarleg for handsaming av kven som skal få tilgang og datatryggleiken rundt dette.

Kan nettselskapet sjå kva kunden brukar straumen til?

Nettselskapet er pålagt å innhente straumforbruket kvar time. Det vil sei at nettselskapet vil veta ditt forbruk av straum time for time. Timesverdiene vert samla inn i løpet av natta påfølgjande døgn.

Eit døme kan vera at kunde kjem heim etter jobb, set El-bilen på lading, lagar middag, tar ein dusj. Nettselskapet vil då sjå at straumforbruket aukar i dette tidsrommet, men vil ikkje ha mogelegheit til å henta ut informasjon om kva elektrisk utstyr som er brukt.

Betre oversikt i nettet

Nettselskapet vil med innhenta data frå alle kundar knytt til sama transformator, få betre oversikt av straumforbruket i nettet og vil kunna planleggja og gjera tiltak med forsterkingar, der dette er naudsynt. Dette vil på sikt gje meir stabil forsyning og lågare driftskostnader for nettselskapet.

Auka forbruk – feil med AMS målar?

I dei områda det har vert skifta til nye AMS målarar, har det i nokre tilfelle vert registrert auka forbruk. Er det då feil med dei nye målarane?

Justervesenet

Alle nye AMS målarar er godkjent av justervesenet før dei slepp ut på marknaden. Justervesenet fører både tilsyn med nye målartypar og gjennomfører egne testar.

Straummålarar med dreieskive

Mekaniske straummålarar med dreieskive var vanleg å nytte som straummålar fram til rundt år 2000. Mekaniske målarar blir slitt og vil gå saktare med åra. Erfaring syner at mekaniske målarar i snitt går 1% saktare per 16 år driftstid. Dette kan i nokre tilfelle gje litt auka forbruk med installasjon av ny AMS målar.



Eldre mekanisk strømmålar(Foto: Hans Ordin Østebø)

Stipulert straumforbruk

Det er mange som ikkje les av strømmålaren kvar måned, då vert forbruket stipulert av nettselskapet. Dersom strømmålaren ikkje vert avlest på eit år eller lengre, vil i mange tilfelle det stipulerte forbruket ikkje samsvara med reelt forbruk.

For å unngå at det vert store overraskingar i samband med installasjon av ny AMS målar, oppmodar vi alle til å lese av sin strømmålar og sende dette inn til nettselskapet.

AMS målar og stråling

Statens strålevern har vurdert AMS målarane i høve til stråling. Konklusjonen er at strålinga frå AMS målarane er kortvarig og svak – og ikkje helsefarleg.

Data frå strømmålarane blir sendt over mobilnettet GSM 900MHz eller radio 870-875MHz. Eksponeringa frå desse er svak – vanlegvis tusendelar av grenseverdiane.

Strømmålaren er svært sjeldan plassert i opphaldsrom og sender som hovudregel frå seg data ein gang i døgnet. Det kan samanliknast med å senda ein tekstmelding. Berekningar syner at ein vanleg mobiltelefon, haldt opptil øyra, strålar 50 000 gonger sterkare enn den nye AMS strømmålaren. Ein berbar PC og nettbrett strålar om lag 180 gonger meir, en det AMS målarane vil gjera.

El overfølsame

Kundar som kan dokumentera at dei er El-følsame, kan få fritak for montasje av ny AMS straummålar. Søknad om fritak må sendast til ditt nettselskap med vedlagt legeattest, som stadfestar at vedkommande er El-følsam.

Ta gjerne kontakt med underteikna for meir informasjon. Vedlagt er bilete av ein mekanisk straummålar samt bilete av ein ny AMS straummålar for illustrasjon.

For Kvinnherad Energi

Hans Ordin Østebø
Prosjektleder AMS
Kvinnherad Energi AS
hanso@kvinnherad-energi.no

For Fjelberg Kraftlag

Geir Atle Vangsnes
Dagleg leiar
Fjelberg Kraftlag SA
geir.vangsnes@fjelberg-kraftlag.no

Nett: Thor Inge Døssland